

Høyringsutkast - Forskrift om gebyr for brannførebygging, Voss herad, Vestland

Heimel: Fastsett av Voss heradsstyre **DATO** med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28 andre ledd.

§ 1. Formål

Forskrifta skal sikra at heradet får dekkja sine kostnader i samband med tilsyn og feiing av fyringsanlegg i tråd med brann- og eksplosjonsvernlova § 28 andre ledd.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for Voss herad.

Forskrifta gjeld gebyr for tilsyn og feiing, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 28 andre ledd. Gebyr skal dekkje kommunen sine utgifter til lovpålagd tilsyn og feiing av fyringsanlegg etter brann- og eksplosjonsvernlova § 11 første ledd bokstav h).

§ 3. Definisjonar

Feiing er reinsing av røykkanal i samsvar med krav gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova.

Tilsyn er kontroll av feiebehov og kontroll med om fyringsanlegget verkar som forutsatt.

Fyringsanlegg omfattar eldstad, sentralvarmekjel eller varmluftsaggregat der varme vert produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusiv røykkanal og eventuelt matesystem for brensel.

Brannførebyggjar er ny nemning på feiar.

§ 4. Gjennomføring av tilsyn

Tilsyn er kontroll av feiebehov og kontroll med om fyringsanlegget verkar som forutsatt.

Tilsyn vert gjennomført etter behov ut frå kartlagd risiko. Intervall for tilsyn og kontroll av feiebehov vert fastsett i tråd med risikovurdering.

§ 5. Gjennomføring av feiing

Feiing vert gjennomført basert på kartlagd risiko etter tilsyn og kontroll av feiebehov.

§ 6. Gebyr for brannførebygging

Gebyr for brannførebygging vert kravd inn årleg etter gjeldande gebyrregulativ. Dette gjeld uavhengig av om, korleis og når tilsyn og feiing finn stad. Gebyret vert sett likt for kvar røykkanal. Gebyr for brannførebygging og andre kommunale avgifter vert kravd inn samla.

Gebyrsatsen vert avgrensa til sjølvkost, og skal dekkje heradet sine utgifter til tilsyn og feiing av fyringsanlegg. Gebyr vert fastsett av Voss heradsstyre årleg. Gjeldande gebyrregulativ er tilgjengeleg på Voss herad sine nettsider.

§ 7. Gebyrfritak

Heradet kan etter skriftleg søknad gje fritak frå å betale gebyr. Føresetnaden for fritak er at det kan dokumenterast at skorstein ikkje kan nyttast, omn ikkje er montert, røykrøyr er fjerna og hol murt att, skorstein er plombert eller bygningen er i så dårleg forfatning at den openbart ikkje kan nyttast. Heradet kan krevje kontroll.

Gebyrplikt fell bort frå første betalingstermin etter at heradet har godkjent søknaden.

Eigar skal varsla heradet straks dersom fyringsanlegget vert teke i bruk igjen.

§ 8. Klage

Klage på vedtak treft av heradsstyret kan settast fram skriftleg til sentral tilsynsmynde.

Klage på vedtak treft i medhald av denne forskrifta kan settast fram skriftleg til Voss herad, for førebuing til klagehandsaming. Klage vert handsama av klagenemnda i Voss herad. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga.

Sakshandsaminga ved klagar følgjer føresegna gjeve i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova og lov 10.februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova).

Det er ikkje klagerett knytt til gebyrsats som er fastsett i gebyrregulativ etter denne forskrifta.

§ 10. Iverksetjing og oppheving av andre forskrifter

Denne forskrifta vert sett i verk ved kunngjering.

Frå same dato vert forskrift vedteken 14.06.19 om gebyr for gjennomføring av feie- og tilsynstenester i Voss herad, Vestland, oppheva.